

Årsrapport 2022



Tannhelsetjenestens
kompetansesenter
Vestland

Innhold

Samandrag	4
Rapportdel - 10 år med jamn vekst	6
Organisasjon	6
Økonomi	7
Pasientbehandling	8
TOO	11
Forsking	13
Publikasjonar ved TkVestland i 2022	14
Opplæringstiltak utvikla ved kompetansesenteret	16
Kompetanseutvikling	17

Samandrag

Auka aktivitet og 10-års jubileum

I 2022 vart TkVestland 10 år og dette vart feira med dei tilsette over to dagar på Voss.



Professor Anders Dysvik frå BI forelas om korleis ein skal få medarbeidarar til å blomstre

Spesialistklinikken

Året starta med ein del sjukefråvær knytt til Covid-19 pandemien, noko som gav oss mindre inntening enn normalt dei fyrste to månadane. Spesialistklinikken hadde ny rekord i tal tilvisingar i 2022. Ventetidene har òg auka og moglegheita for å tilsetje fleire i klinikken er vanskeleg grunna plassmangel. Det er difor eit stort behov for å auke arealet for klinisk verksemd.



Ein spasertur i Prestegardsmoen på Voss i forbindelse med 10-årsjubileet.

Narkoserom ved spesialistklinikken og ny filial i Førde

I 2022 byrja vi det byggtekniske arbeidet for å få på plass eit narkoserom og eit oppvaksingsrom. Planen er å starte opp i 2023.

Det er planar om ein filial knytt til TkVestland i tannhelsedistrikt nord. Klinikken er ein del av ein planlagt offentlig tannklinikk som skal stå ferdig hausten 2023. Vi har difor starta med å lage ein rekrutteringsplan for å få spesialistkandidatar og spesialistar til den nye filialen.

Forskningsavdelinga

Forskningsavdelinga flytta i september inn i nye lokale i Ulriksdal 8c ved Haraldsplass sjukehus. Avdelinga har stor trong for å få tilstrekkeleg plass og dei er i jamn vekst.

Forskningsavdelinga har fått tildelt midlar frå Noregs Forskningsråd gjennom tre tidlegare tildelingar. I 2022 avslutta dei datainnsamlinga i HUSK-tannhelse. HUSK-tannhelse er ei oral befolkningsundersøking blant personar busette i tidlegare Hordaland fylkeskommune, som er født i 1950-51. Data skal brukast i vidare forskning.

Forskningsavdelinga har produsert 18 publikasjonar i 2022.

TOO

Psykologane ved TOO flytta frå eit lokale ved Bryggen 13 i Bergen sentrum til Årstadvegen 21, noko som har betra samhandlinga med det tverrfaglege teamet i TOO. Klinikarane jobbar ved to ulike lokale, i spesialistklinikken i Årstadvegen 19 og ved Årstad tannklinikk i Årstadvegen 21. Ventekøane hjå TOO er no på 12 månadar og tilvisingane er aukande. Vi har difor auka bemanninga noko i haust, men treng fleire behandlingsunitar og tilsette for å imøtekomme krava frå Helsedirektoratet om ventetid på 8 veker. Vi er i gang med å planlegge ein ny tannklinikk for TOO i Årstadvegen 21 i 2023, slik at heile teamet kan samlast. I 2022 tilsette vi klinikkleiar ved TOO som har oppstart i mars 2023.

Fagdagar

I 2022 har vi vidareført digitale fagdagar for tannhelsepersonell i Vestland fylkeskommune. Vi inviterer òg medlemmer i Bergen tannlegeforening og tilsette ved UiB, Institutt for klinisk odontologi (IKO). Dei digitale fagdagane vert evaluert etter kvar fagdag. Det har vore stor oppslutnad, og vi får gode tilbakemeldingar. Fagdagane vil bli vidareført i 2023.

Samarbeidsavtale med Universitetet i Bergen (UiB)

Vestland fylkeskommune har ein samarbeidsavtale med UiB som gjer at nokon av spesialistane underviser spesialistkandidatar og studentar etter avtale med IKO. Dei dreg òg nytte av at vi overfører pasientar til dei etter førespurnad. Vi ynskjer å utvide samarbeidsavtalen med IKO om vidareutdanning av spesialistkandidatar i framtida.

Samfunnsoppdraget

Stortingsmelding 35 (2006) er det sentrale dokumentet som gjev grunnleggjande føringar for TkVestland. Vi tilbyr spesialistbehandingar i alle spesialitetar, tverrfagleg behandling og gjev tilrettelagt tilbod til tortur- og overgrepsette og personar med sterk angst for tannbehandling (odontofobi). Vi driv rådgjevingstenester, kursverksemd, klinisk praksisnær forskning, tenesteforsking og epidemiologisk forskning.

Kjerneverksemd ved TkVestland




Pasientbehandling



Forskning og innovasjon



Kompetanseutvikling



TOO


Rapportdel - 10 år med jamn vekst

TkVestland vart etablert i august 2012. Organisasjonen markerte 10 års jubileet med ei to dagar lang samling på Scandic Voss Hotell 20. og 21. september 2022.

TkVestland har hatt ein omfattande vekst sidan oppstarten for ti år sidan og vårt mål er at vi får eit samlokalisert TkVestland. Dette vil imøtekomme våre behov for å løyse framtidige og viktige oppgåver på ein betre måte.

Organisasjon

Pr. 31.12.2022 var det 78 tilsette og 51,0 årsverk ved TkVestland. Tilsvarande tal for 2021 var 76 tilsette og 46,25 årsverk.



Organisasjonskart for TkVestland




Økonomi

Tilskotsordningar

TkVestland mottek tilskot frå Helsedirektoratet gjennom to ulike ordningar:

- Tilskot til etablering og drift av regionale odontologiske kompetansesenter
- Tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsette og personar med odontofobi

Inntektskjelder i prosent

	60 %	Helsedirektoratet
	32 %	Pasientinntekter
	8 %	Eksterne forskingsmidlar



Slik var inntektskjeldene til TkVestland fordelt i 2022

Årsrekneskap

I 2022 var TKVestland sine inntekter 62 millionar kroner. 19,8 millionar kroner er pasientinntekter. 37 millionar kroner er statlege tilskotsordningar frå Helsedirektoratet. 5,2 millionar kroner er eksterne forskingsmidlar frå Forskningsrådet og Regionalt forskingsfond.

Dei eksterne midlane i høve forskning gjeld 3 prosjekt frå Forskningsrådet og 1 prosjekt frå Regionalt forskingsfond. I tillegg til å gå til prosjekt ved TkVestland går òg midlar til eksterne samarbeidspartnarar.

I 2022 hadde senteret eit mindreforbruk på 4,8 millionar kroner på midlar frå Helsedirektoratet. Av dette utgjer

kr. 1,3 millionar kroner TkVestland, som skuldast avrekningar knytt til pensjon på slutten av året og vakansar. 3,5 millionar kroner i mindreforbruk er knytt til TOO ved TkVestland. Vi har ikkje fått gjennomført ei planlagt utviding av tilbodet fordi vi ikkje har nok areal. Mindreforbruket skuldast òg avrekningar knytt til pensjon på slutten av året.

Spesialistklinikken hadde eit meirforbruk på 2 millionar kroner. Meirforbruket skuldast i hovudsak lågare pasientinntekter og utfordringar knytt til takstar for gruppe D og LKG pasientar. Vakansar innan enkelte spesialitetar er òg ei medverkande årsak til meirforbruket.

Pasientbehandling

Lokalisering

Den kliniske verksemda ved TkVestland er lokalisert ved spesialistklinikken i Årstadveien 19, på tannklinikken ved Haukeland Sjukehus og ved TkVestland si avdeling i Stryn. TkVestland har tilsette innan alle odontologiske spesialitetar i ulike stillingsstorleikar. Til saman er det 35 tilsette i den kliniske verksemda. TOO nyttar òg lokala i Årstadveien 19.

Aktivitet ved spesialistklinikken

I 2022 vart det totalt motteke 3050 tilvisingar. Dette er det høgaste talet som er registrert sidan opprettinga av TkVestland i 2012, og dermed tilbake til eit nivå som er høgare enn før koronapandemien. Noko av auken kan ha si årsak i at gruppe G også har fått rettar i den offentlege tannhelsetenesta. Auke i tilviste pasientar utfordrar ventetidene for spesialistbehandling. Ved årsskiftet 2022 er det protetik som er fagområdet med lengst ventetid.

Kompetanseutvikling

Kvar veke har spesialistane faste fysiske møte for tverrfagleg kasusdiskusjon. Det er også mogleg å delta digitalt. Dei tverrfaglege møta er svært viktige for å kunne tilby høg kvalitet og tverrfaglege tenester. I tillegg til dette er mange av konsultasjonane ved TkVestland tverrfaglege; vi samlar ekspertisen rundt pasienten.

Tannbehandling i narkose

I 2022 fekk vi endeleg starta opp arbeidet med dei byggtkniske endringane som var naudsynte for å drive tannbehandling i narkose. Avtale med anestesipersonell ligg føre, og innkjøp av medisinsk utstyr til narkose er i sluttfasen. Det er lyst ut stillingar for tannlegespesialist og tannhelsesekretær, som skal organisere tannbehandling i narkose. I løpet av første halvår i 2023 reknar vi med at sjølve tannbehandlinga kan starte opp og tilby tverrfagleg spesialistbehandling til dei pasientane som har trong for narkose.


Spesialistar ved TkVestland

Spesialitet	Prosent	Årsverk
Pedodontist	140	1,4
Protetikar	240	2,4
Kjeveortoped	200	2,0
Kirurg	30	0,3
Periodontist	110	1,1
Radiolog	100	1,0
Endodontist	100	1,0
Sum	920	9.2

Tal spesialistårsverk ved TkVestland fordelt på dei ulike fagdisiplinane

Årsverk - fagdisiplinar

1.4	Pedodontist
2.4	Protetiker
2.0	Kjeveortoped
0.3	Oral kirurg
1.1	Periodontist
1.0	Radiolog
1.0	Endodontist



Kakediagram med oversikt over spesialistårsverk ved TkVestland fordelt på fagdisiplinane

Spesialistkandidatar

I 2023 er det tilsett ein spesialistkandidat i protetikk som er forventa å vera ferdig utdanna sommaren 2023. Ein spesialistkandidat i oral kirurgi og oral medisin løna av, og med bindingsavtale til Vestland Fylkeskommune, er òg ferdig sommaren 2023. TkVestland reknar med å kunne auke kapasiteten på tilbodet i oral kirurgi og protetikk.

Hausten 2023 vil det stå ferdig ein ny tannklinikk i Førde i Sunnfjord. Det er planlagt ein filial av TkVestland der. Rekrutteringstiltak er iverksette for å kunne tilby enkelte spesialisttenester i Førde.

Tilvisingar

Fagområde	Vestland Fylke	UiB	Privat	HUS	Anna	Totalt
Pedodonti	305	11	0	0	1	317
Protetikk	167	2	17	1	4	191
Periodonti	74	0	2	0	2	78
Kjeveortopedi	10	3	0	0	1	14
LKG	3	0	6	2	21	32
Kirurgi	78	0	10	0	0	88
Endodonti	308	5	38	2	7	360
Radiologi	357	8	38	1	45	449
TOO	22	1	71	15	165	274
Tannpleiar	30	1	0	0	2	33
HUS tanntl.	0	0	0	376	0	376
Overført til UiB/IKO	573	2	9	0	9	593
TkVestland Stryn	227	0	8	1	9	245
TOTALT	2154	33	199	398	266	3050

Talet på tilviste pasientar i 2022 pr. spesialisering/fagområde

Rådgjeving

TkVestland sine spesialistar gav omfattande rådgjeving til tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune og andre tannlegar. Omfang i 2022: 1038 pasienttilfelle

I tillegg hadde vi rådgjeving for generelle problemstillingar (ikkje direkte knytt til pasienttilfelle): 399 timar

TOO

Kompetansesenteret sitt ansvar/rolle i TOO-tilbodet:

- Ha spisskompetansen i regionen og gje eit sentralt behandlingstilbod
- Gje opplæring og rettleiing av lokale team
- Delta i nasjonalt fagleg nettverk og medverka til samordning av kunnskapsoppbygging, utvikling og evaluering av behandlingsmetodar og koordinering av forskning
- Utvikle system for oppbygging av kunnskap om målgruppa og tannhelsetilbodet
- Utvikle samarbeidsrutinar med anna helseteneste knytt til pasientbehandlinga
- Tverrfagleg samarbeid med aktuelle fagmiljø

Organisering av TOO arbeidet

TOO-tilbodet fungerer som ei eining og har no samla budsjett og rekneskap med resten av TOO-tilbodet i fylket. TOO-tilbodet ved TkVestland er samla under Senter for odontofobi (SFO). SFO er hovudsetet og tyngda i TOO-tilbodet i Vestland og dei tverrfaglege teama ute i distriktet er deira forlenga arm. Målet er at alle dei tverrfaglege teama skal vera så kalibrerte at dei i praksis fungerer som satellittar av SFO.

At psykologane tilsette ved TOO TkVestland serverar alle dei tverrfaglege teama i fylket gjer at dei, saman med fagkoordinator ved TOO, er navet i TOO-hjulet. Leiar for TkVestland har i 2022 hatt personaloppfølging av dei som er tilsette ved SFO. Dei som er tilsette i tverrfaglege team ute i distrikta har små stillingar på 20%. Dei har difor

klinikkleiar på den gjeldande klinikken som sin næraste leiar.

Leiar for TOO i Vestland sit i staben til fylkestannlegen og har det overordna ansvaret for heile TOO-tilbodet i fylket. Ho har tett dialog med leiargruppa til tannhelsetenesta, økonom, leiar ved TOO TkVestland, fagleg leiar TOO og dei to sekretærane som er TOO-koordinatorar. På denne måten jobbar vi for å sikre likskap i tilbodet

Ventetid

Ventetida i TOO tilbodet er framleis lang, ved årsskiftet er det rundt 12 månadar. Talet på tilvisingar i 2022 har auka enda meir. I 2022 fekk vi auka tilskot frå Helsedirektoratet, noko som gjorde at vi kunne tilsetje fleire, men utfordringa er å skaffe nok lokale til TOO-tilbodet. Arealbehovet er stort og behovet for utviding gjeld òg i den offentlege tannhelsetenesta og ved spesialistklinikken til TkVestland. TOO-tilbodet deler såleis denne utfordringa med resten av tenesta.

Lokalisering

I 2022 lukkast vi i større grad å samlokalisere SFO ved å flytta psykologane frå leigde lokale i privatmarknaden til dei gamle lokala til forskingsavdelinga i Årstadvegen 21. Den kliniske verksemda til dei tverrfaglege teama vert utført i eiga avdeling ved Årstad tannklinik i Årstadvegen 21 og i tillegg i spesialistklinikken i Årstadvegen 19. Alle i tverrfaglege team kan samlast dagleg til morgonmøte og lunsj, noko som gir betre samhandling i gruppa.

Psykologar

I 2022 hadde vi to psykologar ved TkVestland og ein psykolog i 10 % på Stord. Til saman 2 årsverk. Dei to psykologane ved SFO server òg TOO team i Florø og Sogndal.

Årsverk ved TOO - heile Vestland fylkeskommune

Stillingsheimlar 31.12.22	Drift pr. 31.12.22	Plan for 2023/2024
Totalt årsverk TOO		
13,10	10,20	18,70
Totalt årsverk tverrfagleg team ved TOO		
8,70	7,60	15,50

Årsverk i TOO tenesta i Vestland fylkeskommune

Ny klinikkleiar ved TOO tilsett i 2022

Vi har i 2022 tilsett ny klinikkleiar med oppstart i mars 2023.

I 2023 har vi planar om å auke arealet i Årstadvegen 21, slik at vi kan bygge eigen tannklinikk til TOO. Saka ligg no hjå Vestland fylkeskommune si eigedomsavdeling. Målet er at vi kan auke bemanninga tilstrekkeleg til å kunne ha ei akseptabel ventetid. Kravet til Helsedirektoratet er 4-8 veker, mens status per i dag hjå TkVestland er 53 veker ventetid.

Tverrfaglige team	Nasjonal nettverkssamling i Oslo
Tverrfaglige team	Regional nettverkssamling i Bergen
Tverrfaglige team	Nofobi kurs i Stavanger
Nytilsette	Opplæringspakke
Alle tilsette	Fagdag TOO

Kompetanseheving for tilsette ved TOO

Forskning

Nye lokale og nye tilsette

I 2022 flytta forskingsavdelinga til Ulriksdal 8c ved Haraldsplass sjukehus for å få tilstrekkeleg plass. Avdelinga tilsette 2 nye medarbeidarar i 2022 og vil vidare tilsette 4 nye personar i 2023.

Forskning ved avdelinga i 2022

I 2022 avslutta vi datainnsamling i HUSK-tannhelse. HUSK-tannhelse er ei oral befolkningsundersøking og vi undersøkte totalt 1325 deltakarar ved Solheimsviken tannklinikk, som alle var fødde i 1950-51. Undersøkinga inkluderer ei klinisk undersøking, ei sjølvrapportert undersøking og dessutan innsamling av biobankprøvar. Hausten 2022 har vi gjort uttrekk av kliniske data gjennom bruk av «Snowmed» frå Opus journalar, og dei første data til bruk for forskning er klare.

Forskningsmidlar

I 2022 fekk forskingsavdelinga midlar frå Noregs forskingsråd gjennom 3 tidlegare tildelingar. Prosjekta som har fått støtte er

- “Oral health in adults: predictors, social gradients and correlation with cardiovascular health in women and men”. Her brukar vi data frå HUSK-Tannhelse og dei andre HUSK-undersøkingane i Hordaland.

- “Innovative intervention: Caries and Obesity Prevention in children by modifying dietary risk behaviors among parents with immigrant background-COP study”.
- «Children at risk and oral health». Prosjektet fekk òg støtte frå Regionalt forskingsfond.

Sjå nettsida vår for nærare skildring av forskingsaktivitet ved avdelinga:

Forskningsaktivitet ved TkVestland

Ved forskingsavdelinga har vi forskingsmøte kvar 6. veke og deltek i fellesmøte for alle forskarar ved kompetansesentera. Våren 2022 hadde vi eit fellesmøte på Gardermoen (lunsj-lunsj) og deltok i 2 digitale felles forskingsmøte med alle sentera.

Disputasar

I desember 2022 disputerte Regina Aarvik Skavhellen med avhandlinga:

«Restraint in pediatric dentistry in the Norwegian Public Dental Service», ved Det Medisinske Fakultet ved UiO. TkVestland hadde hovudrettleiar (Maren Agdal).

Publikasjoner ved TkVestland i 2022

Aarvik, Regina Skavhellen; Svendsen, Edel Jannecke; Agdal, Maren Gry Lillehaug.

Held still or pressured to receive dental treatment: self-reported histories of children and adolescents treated by non-specialist dentists in Hordaland, Norway. *European Archives of Paediatric Dentistry* 2022 ;Volum 23.(4) s. 609-618

Aarvik, Regina Skavhellen; Svendsen, Edel Jannecke; Agdal, Maren Gry Lillehaug.

Patient-self-reported history of restraint among 17-year-olds: a retrospective study of records by non-specialist dentists in the public dental service in Hordaland, Norway. *European Archives of Paediatric Dentistry* 2022 ;Volum 23.(3) s. 475-484

Bertelsen, Randi Jacobsen; Perez Barrionuevo, Antonio Manuel; Shigdel, Rajesh; Lie, Stein Atle; Lin, Huang; Real, Francisco Gomez; Ringel-Kulka, Tamar; Åstrøm, Anne-Kristine N; Svanes, Cecilie.

Association of oral bacteria with oral hygiene habits and self-reported gingival bleeding. *Journal of Clinical Periodontology* 2022 ;Volum 49.(8) s. 768-781

Bjørkvik, Jofrid; Quintero, Diana Patricia; Jensen, Knut Helge; Virtanen, Jorma.

Oral health and quality of life among people with severe or long-term mental illness: A call for interprofessional collaboration. *Nordic Psychology* 2022

Cai, Jiazheng; Liu, Jing; Yan, Jing; Lu, Xuexia; Wang, Xiaoli; Li, Si; Mustafa, Kamal Babikeir Elnour; Wang, Huihui; Xue, Ying; Mustafa, Manal; Kantarci, Alpdogan; Xing, Zhe.

Impact of Resolvin D1 on the inflammatory phenotype of periodontal ligament cell response to hypoxia. *Journal of Periodontal Research* 2022 ;Volum 57.(5) s.1034-1042

Carlsen, Siv-Elin Leirvåg; Isaksen, Katja; Åstrøm, Anne-Kristine N; Fadnes, Lars T.

Facilitators for use of oral healthcare services among people with substance use disorders: a qualitative study in Norway. *Acta Odontologica Scandinavica* 2022 ;80(7):513-521.

Cetrelli, Lena Elisabet; Bletsa, Athanasia; Lundestad, Anette; Gil, Elisabeth Grut; Fischer, Johannes Maria; Halbig, Josefine Mareile; Frid, Paula Hanna Therese; Angenete, Oskar W; Lien, Ingrid Lillevoll; Rosén, Annika; Tylleskär, Karin; Luukko, Keijo; Nordal, Ellen Berit; Åstrøm, Anne-Kristine N; Skeie, Marit Slåttelid; Feuerherm, Astrid Jullumstrø; Sen, Abhijit; Rygg, Marite.

Vitamin D, oral health, and disease characteristics in juvenile idiopathic arthritis: a multicenter cross-sectional study. *BMC Oral Health* 2022 ;Volum 22.(1):333.

Gil, Elisabeth Grut; Skeie, Marit Slåttelid; Halbig, Josefine Mareile; Jönsson, Birgitta; Lie, Stein Atle; Rygg, Marite; Fischer, Johannes Maria; Rosén, Annika; Bletsa, Athanasia; Luukko, Keijo; Shi, Xie-Qi; Frid, Paula Hanna Therese; Cetrelli, Lena Elisabet; Tylleskär, Karin; Rosendahl, Karen; Åstrøm, Anne-Kristine N.

Oral health-related quality of life in 4-16-year-olds with and without juvenile idiopathic arthritis. *BMC Oral Health* 2022 ;Volum 22:387. s. 1-16

Gil, Elisabeth Grut; Åstrøm, Anne-Kristine N; Lie, Stein Atle; Rygg, Marite; Fischer, Johannes; Rosén, Annika; Bletsa, Athanasia; Luukko, Keijo Aukusti; Shi, Xie-Qi; Halbig, Josefine Mareile; Frid, Paula Hanna Therese; Cetrelli, Lena Elisabet; Tylleskär, Karin; Rosendahl, Karen; Skeie, Marit Slåttelid.

Dental plaque and gingival bleeding in adolescents with juvenile idiopathic arthritis and controls: a multilevel analysis. *Acta Odontol Scand Epub* 2022 May 30

Husebo, Bettina S; Vislapuu, Marja; Cyndecka, Malgorzata A; Mustafa, M; Patrascu, M. Understanding Pain and Agitation Through System Analysis Algorithms in People With Dementia. A Novel Explorative Approach by the DIGI.PAIN Study 2022

Iden, Ole; Valle, Ingri Nilsson; Stojkovski, Nika; Jensen, Knut Helge; Bletsa, Athanasia.
Er et kompetansesenter en konkurrent eller et supplement? Kartlegging av henvisninger til endodontister ved TkV/ Hordaland. *Den norske tannlegeforenings tidende* 2022; Volum 132.(3) s. 232-240

Jiang, Xiaofeng; Liu, Jing; Li, Si; Qiu, Yingfei; Wang, Xiaoli; He, Xiaoli; Pedersen, Torbjørn Østvik; Mustafa, Kamal Babikeir Elnour; Xue, Ying; Mustafa, Manal; Kantarci, Alpdogan; Xing, Zhe.
The effect of resolvin D1 on bone regeneration in a rat calvarial defect model. *J Tissue Eng Regen Med.* 2022 Nov;16(11):987-997

Jiang, Xiaofeng; Xue, Ying; Mustafa, Manal; Xing, Zhe.
An updated review of the effects of eicosapentaenoic acid- and docosahexaenoic acid-derived resolvins on bone preservation. *Prostaglandins Other Lipid Mediat.* 2022 Jun;160:106630

Moe, Ingrid Kristin; Sjursen, Therese Thornton; Aarvik, Regina Skavhellen; Tveito, Torill Helene; Agdal, Maren Gry Lillehaug.
Brukarmedverknad i tannhelsetenesta – ei kvalitativ studie om erfaringar blant pasientar med behov for tilrettelagt tannbehandling i TOO. *Den norske tannlegeforenings tidende* 2022 (132) s. 928-935

Vindenes, Hilde Kristin; Lin, Huang; Shigdel, Rajesh; Ringel-Kulka, Tamar; Real, Francisco Gomez; Svanes, Cecilie; Peddada, Shyamal D.; Bertelsen, Randi Jacobsen.
Exposure to Antibacterial Chemicals Is Associated With Altered Composition of Oral Microbiome. *Frontiers in Microbiology* 2022 ;Volum 28;13:790496

Åstrøm, Anne-Kristine N; Agdal, Maren Gry Lillehaug; Sulo, Gerhard.
Exploring avoidance of dental care due to dental fear and economic burden –A cross-sectional study in a national sample of younger adults in Norway. *International Journal of Dental Hygiene* 2022; 15

Åstrøm, Anne-Kristine N; Özkaya, Ferda; Nasir, Elwalid Fadul; Tsakos, Georgios.
The dentist-patient relationship and oral health-related quality of life among older adults: A cohort study. *Gerodontology* Nov 3, 2022

Åstrøm, Anne-Kristine N; Vold, Jørn Henrik; Aas, Christer Frode; Johansson, Kjell Arne; Fadnes, Lars Thore.
Association between oral and general health related quality of life among Norwegian patients with substance use disorders in opioid agonist therapy. *Acta Odontol Scand* 2022 Dec20; 1-8

Opplæringstiltak utvikla ved kompetansesenteret

TkVestland har utvikla tre opplæringstiltak der tilsette ved tannhelsetenesta er involvert.

Behandling av tannskadar

I prosjekt kalla «Kunnskap, holdningar og behandling av tannskadar i den offentlege tannhelsetjenesten: en intervensjonsstudie» er formålet å heve kompetansen blant tannleger og tannpleiarar i Den offentlege tannhelsetenesta (DOT) når det gjeld behandling og oppfølging.

Alle offentlege tannklinikkar i Vestland fylkeskommune får tilbod om kurs i dental traumatologi etter avslutta prosjekt. Planen er at resultatane frå prosjektet skal publiserast i tre artiklar i internasjonale tidsskrift.

Kunnskapsreisen for tannhelsepersonell

Kunnskapsreisen for tannhelsepersonell er eit forskingsbasert opplæringsprogram som har som målsetting å bidra til auka kunnskap og kompetanse knytt til avdekking og oppfølging av barn og unge utsett for vald, overgrep og/eller vanskjøtsel, i tråd med Lov om tannhelsetjenester §1-3c. Den er utvikla på bakgrunn av forskingsfunn frå den offentlege tannhelsetenesta i Noreg, innhenta i forskingsprosjektet Barn i risiko og oral helse.

Kunnskapsreisen for tannhelsepersonell er eit dagskurs. Kursdagen blir gjennomført fysisk for alle tilsette på tannklinikken. Den digitale plattformen som kurset ligg på blir gjort tilgjengeleg for kvar deltakar. Kvar kursdeltakar får tilgang til alt innhald i Kunnskapsreisen for tannhelsepersonell i 2 år. For meir info sjå:

[Kunnskapsreisen - tilgang til innhald](#)

For å evaluere effekten av Kunnskapsreisen for tannhelsepersonell er det blitt gjennomført ein Cluster randomisert kontrollert studie (C-RCT) blant alle tannklinikkar i Vestland fylkeskommune. Resultat frå C-RCT studien vil bli publisert i vitenskapleg tidsskrift. Det er ei målsetting at Kunnskapsreisen for tannhelsepersonell skal bli nytta av tannhelsepersonell i heile Noreg.

Karies-fedmeforebygging hos barn ved å modifisere risiko atferd blant foreldre med innvandrarbakgrunn

Innvandrarbefolkninga utgjer 18,2 prosent av befolkninga i Noreg. Innvandrarbakgrunn har vore assosiert med høg risiko for karies og overvekt hos barn.

Kommunikasjonssvikt grunna etniske og kulturelle faktorar er moglege årsaker til at førebyggjande tiltak ikkje har same effekt hjå innvandrarbarn som hos etnisk norske barn. Det synes å vera behov for forskingsbasert kunnskap om dei faktorar, sosiale, psykososiale og kognitive, som styrer helse/tannhelserelatert åtferd i familiar med innvandrarbakgrunn.

Forskningsprosjektet har mottatt forskingsmidlar frå Noregs forskingsråd på 6.549.000 kroner. Hovudformålet med prosjektet er å vurdere kunnskap, haldningar og åtferd relatert til helse/tannhelse hos innvandrarforeldre med nyfødde barn (0-6 månadar). Ein vil utvikle og gjennomføre intervensjon (opplæring) for å endre helseåtferd med den hensikt å auke foreldra sine kunnskarar om barn si helse/tannhelse og evaluere effekten av intervensjon på foreldra sin kunnskap og haldningar med omsyn til tannkaries og overvekt i ei oppfølgingsundersøking.

Foreldre med innvandrarbakgrunn vil bli rekrutterte frå primærhelsestasjonane i Vestland fylke ved møte for barnevaksinasjon. Primærhelsestasjonane vil vera delt inn i ei intervensjonsgruppe og ei kontrollgruppe.

Effekten av intervensjon vil bli vurdert som endring i intervensjons- og kontrollgruppa sine haldningar, kunnskap og åtferd relatert til helse og oral helse, barna og foreldre sin livskvalitet samt kroppsmasseindeksen til barna.

I tillegg vil prosjektet gi helsepersonell på helsestasjonar materiale på ulike språk som dei kan bruke når dei treff foreldre med utanlandsk bakgrunn og slik forbetre kommunikasjonen med dei.

Kompetanseutvikling

Opplæringsaktiviteter

Tilsette ved TkVestland gjennomførte 116 ulike opplæringsaktiviteter i 2022. Dei fordelte seg slik:

Rettleiing, 24

Foredrag, 47

Undervisning, 5

Kurs, 35

Debatt, 1

Ekstern sensor, 3

Ansvarleg arrangør med aktiv rolle, 1

Fagdagar gjennomført ved TkVestland i 2022

Fagdag	Dato	Tema
Protetikk	21.01.2022	«Frakturanalyse av klinisk knekte helkeramiske kroner og broer» «Fortannsluken i ung alder»
Kjeveortopedi	16.02.2022	«Kjeveortopedi frå a-å...» «Kjeveortopedisk behandling av tannskader og kunnskaper blant kjeveortopedier i Norge»
Sjukehus-odontologi	11.03.2022	«Erosjonar. Kliniske tips til rehabilitering» «Barn som trenger ekstra oppfølging av tannhelsepersonell både i sykehus og på hjemmebane» «Implantatvurderinger, ting å tenke på i forhold til tilvisninger til sykehuset»
Periodonti	24.03.2022	«Periodontitt, fra undersøkelse til behandling» «Norsk Pasientskade Erstatning (NPE) sin rolle i odontologisk virksomhet»
Kasusdag	28.04.2022	«Interdisiplinær behandling av pasient med LKG» «Retraksjon – kva gjer vi?» «Kasus fra TOO» «Kvifor er visdomsfjerning så kjekt?» «Mesiodens»
Gerodontologi	06.10.2022	«Marte Meo – en tillitsskapende metode rettet mot personer med demenssykdom» «Utfordringer og muligheter – Erfaringer fra - og tanker om samhandling med helse- og omsorgstjenesten» «Tannhelsepersonells erfaringer med tannbehandling av eldre, hjemmeboende pasienter og samhandling med hjemmetjenesten»
Pedodonti	25.10.2022	«Tvang ved barnetannbehandling» «Et kasus – Erfaringer og vurderinger knyttet til bruk av tvang ved tannbehandling» «Kasuistikk: Tantraume hos individ med funksjonsnedsettelse og dentinforstyrrelse» «Erupsjonsavvik – eksempler. Kasuistikker som belyser erupsjonsforstyrrelser og hvorfor timing er viktig» «Dental erosive wear»
TOO	25.11.2022	«Personlighetsforstyrrelser: Grunnlagsforståelse og implikasjoner for TOO behandling» «Personer med tannbehandlingsangst – å tilpasse seg angsten eller behandle den?»

Martha Sørensen

Leiar ved TkVestland

